

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,
gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstandet i riket og om styringa i 1949.

Det rår framleis krigstilstand med Tyskland og Japan, sidan det enno ikkje har kome til fredssemje med desse landa.

Det mellomfolkelege samarbeidet på dei politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle og andre område har halde fram, og Noreg har vore med i generalforsamlinga i dei Sameinte Nasjonane og i Tryggingrådet, og like eins i ei rad mellomfolkelege konferansar av ulike slag.

Noreg har slutta seg til Traktaten for det nord-atlantiske området, og har vore med i utbygginga av dei organ som høyrer under den.

Noreg har slutta seg til vedtektene for det Europeiske Råd.

Noreg har godkjent det nye kinesiske riksstyret.

Den norske Regjeringa var representert då den nye indonesiske republikken vart proklamert.

Twisten med Storbritannia om den norske fiskegrensa er etter samråd mellom riksstyra i dei to landa innhavd for den Mellomfolkelege Domstolen i Haag.

Det har vore gjort kortsiktige varebyte- og avbetalingsavtalar med ei rad land.

Noreg har vore med i det mellomfolkelege og intereuropæiske økonomiske samarbeidet og i drøftingar og utgreiingar om eit nærare skandinavisk og britisk-skandinavisk samarbeid på det økonomiske og finansielle området.

Noreg har vore med i eit møte i den Internasjonale Kvalfangstkommissjonen som vart skipa ved den mellomfolkelege semja om regulering av kvalfangst, underskriven i Washington 2. desember 1946.

Noreg har gjennom målsmannen sin ved det Inter-allierte Skadebot-byrået i Brussel vore med i tingingar om korleis dei disponible krigsskadebøtene frå Tyskland skal fordelast.

Noreg har i 1949 gjort luftfartsavtalar med Finnland, India, Irak, Pakistan, Thailand og Austerrike. Det blir arbeidd med å koma fram til luftfartsavtalar med ei rad andre statar.

I samsvar med Stortingsvedtak er Noreg med i okkupasjonen av Tyskland med ein brigade av Heren.

Noreg er med i det planleggingsarbeid i samband med Atlantpakta som kom i gang seinhaustes 1949, og har fast representasjon i dei regionale stabane for Den nordeuropeiske gruppa og Den nordatlantiske havgruppa.

Den økonomiske utviklinga.

I dei fleste av næringane våre har tilverknaden vore større i 1949 enn i noko år tidlegare. Jordbruk og fiske vart meinka av dårleg ver, slik at avkastinga vart noko mindre enn i 1948. Industritilverknaden var om lag 6 pst. større enn i fjor. Bygge- og anleggsverksemda har òg vore større. Det er framleis knapt om arbeidskraft både her og i visse industrigreinene, men talet på sysselsette har auka også i 1949, og er no større enn nokon gong tidlegare. Vareinnførsla frå utlandet har gått opp med 20 pst. frå 1948 og låg 16 pst. over 1938-nivået. Utførsla var 2 pst. større enn i fjor. Nedgangen i skipsfraktene, som tok til i slutten av 1947, heldt fram i første halvåret av 1949. I haustmånadene gjekk fraktene noko opp, men om dette er noko meir enn den vanlege sesongoppgangen, er uvisst. I dei andre næringane har tilhøva stort sett vore gode.

Jordbruket.

Etter førebels utrekningar frå Jordbruks- teljinga 1948 var åkervidda om lag like stor som året før, men 8,6 pst. mindre enn i 1939. Jamført med 1939 viser oppgåvene over bruken av jorda at potetvidda er auka med om lag 13 pst. medan kornvidda er gått tilbake med over 18 pst.

Avlinga er førebels utrekna til 1 923 millionar føreiningar. Dette er om lag 13 millionar føreiningar mindre enn i 1939.

Avlinga i hagebruket vart òg under eit medels år.

Husdyrhaldet er større enn tidlegare år etter krigen. Talet på hest er om lag som i 1939. Av storfe er det enno 16 pst. mindre, og geitehaldet har minka med 35 pst. Derimot syner talet på svin og sau stor auke jamført med 1939. Talet på høns er òg større enn før.

Helsetilhøva for husdyra våre er jamt gode.

Det nydyrka arealet i 1949 vil truleg koma opp i om lag 31 500 dekar eller om lag det same som i fjor då det vart nydyrka 31 128 dekar.

Grøfting av jord som før er dyrka, vil truleg koma opp i om lag 18 000 dekar og overflatedyrking til beite og slått i 18 500 dekar eller det same som året før.

I 1949 er bygd ferdig om lag 330 bureisingsbruk. Dessutan er det løyvd stønad til å reisa 205 nye bruk. Av gjødseloppsamlingsanlegg, potetkjellarar og siloar er det truleg bygd ferdig i same fylgd 2 700, 4 000 og 3 000 anlegg.

Til å byggja bureisings- og setervegar er det i 1949 løyvd stønad til 112 nye vegar med ei samla lengd på 216,1 km. I same bolken vil det truleg bli bygd ferdig 250 km ny veg.

Skogbruket.

I driftsåret 1948—49 vart det avverka $7\frac{1}{4}$ mill. m³ salstømmer. Dette er meir enn det som var planlagt, og det er eit større kvantum enn det har vore avverka noko år sidan 1920—21. Dei viktigaste årsakene til at tømmerdrifta vart så stor, var at driftene kom tidleg i gang, og at det var sers gode driftstilhøve, serleg sønnafjells, medan det var vanskar med framkjøringa i Trøndelag. Tilhøva for tilvoksteren i 1949 var jamt over medels gode. I fjelltraktene og nordafjells var det likevel litt for kaldt. Hausten 1949 gjorde stormen stor skade i sume distrikt.

Det er driftsåret 1949—50 planlagt å avverka 7 mill. m³ som førre året. Av ymse grunnar, mellom anna devalueringa, vart tømmerprisane hausten 1949 seint fastlagde. Då hogsten kom seint i gang er det pr. 15. desember 1949 ikkje avverka meir enn 2 mill. m³ mot 3,3 mill. til same tid i fjor. Hogsten har

likevel teke seg godt opp, og i fall ein får ein heldig driftsvinter er det von om at hogstresultatet blir godt i år òg. Det er noko skort på arbeidskraft, men ein vonar at dette vil retta seg utover vinteren.

Fisket.

Det har i det heile vore eit etter måten godt år for fisket. Fangstmengda kan ein setja til om lag 1 million tonn, og førstehandsverdet av fangsta er førebels rekna til om lag 295 millionar kroner mot 316 millionar kroner i 1948, som var rekordår. Sameleis som i fjor var det vintersildfisket som ga dei beste resultatata trass i uvanleg dårlege vertilhøve. Av vintersild var det i alt fanga 567 500 tonn mot 819 500 i 1948. Det viktigaste torskefisket i landet, Lofotfisket, var mindre bra, og fangstmengda låg under eit medels år. Dei andre torskefiska slo dårleg til, så nær som Grønlandsfisket, som ga eit godt resultat.

Avsetnadstilhøva har for dei fleste produkt vore lette. I dei 10 første månadene i året vart det ført ut fisk og fiskevarer for om lag 431 mill. kroner. I dei 10 første månadene av 1948 som var eit rekordår, førde ein ut for om lag 468 mill. kroner.

Auken av fiskarflåten har halde fram i 1949, og heile tonnasjen er no noko høgare enn før krigen.

Det er no så bra tilgang på fiskereiskap at ein kan skaffa det som trengst. Rasjoneeringa av fiskereiskapar er difor teken bort frå 1. juli 1949.

Utbygginga av kjøle- og fryseanlegg har halde fram så snøgt som tilgangen på materialar og arbeidskraft har gjort det mogeleg. Det same gjeld atterreisninga av tilverknadsanlegga i dei krigsherja strøka.

Bruttoinvesteringane i fisket er for 1949 rekna til om lag 130 mill. Av desse går ein ut frå at 47 mill. fell på fartøy og 46 mill. på reiskap.

Industrien.

Auken i industritilverknaden heldt fram i 1949, men var likevel mindre enn i åra før. Frå 1948 til 1949 var auken i produksjonsindeksen 6 pst. mot 9 pst. frå 1947 til 1948. Det var iser i dei første månadene av 1949 at produksjonen auka samanlikna med året før. Dette

heng serleg saman med at skort på kraft skapte store vanskar for produksjonen dei første månadene i 1948. Tilgangen på innførde råemne har vore mykje betre enn året før, og av dei fleste råemne har innførsla vore større enn før krigen. Av dei innanlandske råemna var det betre tilgang på tømmer til tre- og treforedlingsindustrien, men tilgangen på fisk til olje- og feittindustrien var ikkje fullt så god som året før. Krafttilgangen har vore god. Talet på arbeidarar som var sysselsette i industrien, auka med 10 000. I mange industrigreinene er det framleis skort på arbeidskraft, serleg kvinneleg arbeidskraft i tekstil- og kledevarerindustrien og fagarbeidarar i jern- og metallindustrien.

Produksjonen auka i dei fleste industrigreinene, men det var serleg utførsleindustrien som viste framgang. Dette er den industrien som treng mest kraft, og produksjonen er sterkt bunden av krafttilgangen. Produksjonen i utførsleindustrien auka såleis med 16 pst. frå 1948 til 1949, medan produksjonen i heimeindustrien auka med 3,5 pst. Ser ein utførsleindustrien under eitt, ligg denne nå over førkrigsnivået. Likevel er malmproduksjonen framleis låg av di A/S Syd-Varanger Gruver enno ikkje er kome i drift. I den elektrokjemiske industrien kunne den nye ammoniakfabrikken til Norsk Hydro i Glomfjord taka til med produksjonen i juli. Treforedlingsindustrien hadde i 1949 større tilgang på tømmer enn normalforbruket før krigen. Før treforedlingsprodukt og hermetikk var det i første halvta av året visse vanskar med avsetnaden på utførslemarknadene våre, men tilhøva vart betre då dei lei på året.

Gruvedrifta har framleis god avsetnad med bra prisar på malm og kis.

Dei norske gruvene på Svalbard er no oppattbygde og kolproduksjonen her ligg over førkrigsnivået. I Sveagruva vart produksjonen stansa siste sumar. Produksjonen har vore tilmåta etter avsetnaden.

Kapasiteten ved elektrisitetsverka har auka frå 2,77 til 3,04 mill. kW frå 1948 til 1949. Desse storanlegga er i bygging: Mår, Hol, Aura, Lyse, Røssåga, Vinstra og Åbjøra. Ved utgangen av 1949 var 4 av dei 5 planlagde aggregata ved Mår og 2 av dei 4 planlagde aggregata ved Hol kome i drift. Fleire mel-

lomstore og mindre anlegg er like eins i bygging. Vasstilhøva var i 1949 svært gode, og produksjonen auka frå 12 445 mill. kWh i 1948 til 15 000 mill. kWh i 1949. Utbygginga av kraftproduksjonen vil fylgja den planen som er framlagd.

Bygge- og anleggsverksemda.

Byggeverksemda har heile året vore livleg med full utnytting av kapasiteten. Tilgangen på mange slags materialar som det tidlegare har vore skort på, har i 1949 vore noko så nær fulnøyande. Tilgangen på hovudmaterialane trelast, sement og murstein har òg vore god. Regjeringa vedtok i april månad å taka bort rasjoneringa på sement. På grunn av den store auken i byggeverksemda og dei mange arbeid av ymse slag som vart sette i gang etter at sementrasjoneringa vart bortteken, vart det etter kvart noko skort på hovudmaterialane, serleg på sement. Talet på sysselsette bygningsarbeidarar har på jamnen lege 3—4 000 høgre enn i 1948.

Anleggsverksemda er auka noko frå året før. Såleis var det i sumarhalvåret 1949 sysselsett jamt over 5 000 fleire arbeidarar ved anlegg enn på same tid i 1948. Det er auke både i kommunane og staten si anleggsverksemd. Serleg verd har her utbygginga og vedlikehaldet av kommunikasjonane.

Det er i 1949 bygd 385 km nye vegar og lagt 185 km faste dekke.

Lengda av normalspora jernvegar er auka med 147 km og 99 nye km jernvegar er opna for elektrisk drift.

Dei andre kommunikasjonane er òg vidare utbygde. Såleis er det i 1949 installert bort imot 20 000 nye telefonapparar.

Skipsfarten.

Atterreisninga av handelsflåten har halde fram i 1949. Tilgangen i 1949 på nybygde skip var 522 000 br. tonn. Av desse vart 57 000 br. tonn bygde ved norske verkstader. Det vart i 1949 kjøpt eldre skip frå utlandet med til saman om lag 100 000 br. tonn. Dette er ein sterk nedgang frå førre året. Frågangen ved forlis og sal til utlandet var på til saman om lag 80 000 br. tonn. Nettotilgangen på tonnasje i 1949 vart såleis om lag 540 000 br.

tonn mot om lag 520 000 br. tonn i 1948. Pr. 1. januar 1950 var handelsflåten på om lag 4 870 000 br. tonn. I tonnasje har handelsflåten såleis i 1949 nådd over førkrignivået. Kvaliteten er likevel ennå ikkje komen opp på førkrignivået.

I desse tala er ikkje kvalfangstflåten med. Den var pr. 1. januar 1950 på om lag 185 000 br. tonn. Heller ikkje skip på under 100 br. tonn og fangst- og fiskefarty er medtekne i desse tala.

Pr. 1. januar var det i bygging eller kontrahert for norsk rekning 1 650 000 br. tonn til eit verde av om lag 2 250 mill. kroner medrekna tilleggskostnader. Av denne tonnasjen fell på norske verkstader 217 000 br. tonn til eit verde av om lag 415 mill. kroner.

Av denne tonnasjen som var kontrahert, men ikkje levert pr. 1. januar 1950, er om lag 1 250 000 br. tonn tanktonnasje. Av denne tanktonnasjen er om lag 65 pst. slutta på langvarige tidscerteparti til gode frakter.

Fraktfallet har halde fram i 1949 når ein ser bort frå dei 2 siste månadene i året, då det har vore ein del stigning. Det er likevel uvisst om stigninga for det meste kjem av årstida. På grunn av dei lægre fraktene i 1949 og av di det har vore vanskeleg å skaffa last til lineskipa, vert netto-fraktinntektene i 1949 i utanriks-fart om lag som i 1948, trass i at flåten har auka. Nettofraktinntektene i utanriks-fart kan setjast til om lag 820 mill. kroner. Nokre skip har i kortare periodar lege i opplag.

Samferdsla.

I samferdsla innanlands har ferdsla halde seg oppe i 1949 og syner auke på fleire område. Såleis er det stiging i ferdsla ved jernvegane når det gjeld gods, og luftferdsla har òg auka. Det er like eins auke i postsendingane og telefontrafikken. Derimot er det nedgang i telegramsendingane.

Kvalfangsta.

I kvalfangstsesongen 1948—49 produserte dei norske ekspedisjonane i Antarktis om lag 1,1 mill. fat kval- og spermolje eller om lag 183 000 tonn. Av denne produksjonen gjekk

42 000 tonn kvalolje til forbruk innanlands til ein pris av 40 £ pr. tonn. Resten er seld utanlands til om lag 100 £ pr. tonn for kvaloljen og om lag 60 £ pr. tonn for spermoljen.

Fangsta i Antarktis vart drive med 10 flytande kvalkoker og 1 landstasjon med til saman 108 kvalbåtar. Dette var ein auke frå førre fangstbolken på 1 flytande kvalkoke og 17 kvalbåtar.

I den fangstbolken som ein no er inne i, er Noreg med i fangsta i Antarktis med 10 flytande koker og 1 landstasjon med til saman 126 kvalbåtar (medrekna slepe- og øvingsbåtar).

Utanrikshandelen.

Arbeidet med å frigjera det mellomfolkelege varebytet har gjeve visse praktiske resultat i 1949. Dei internasjonale tolldrøftingane vart førde vidare, den europeiske betalingsordninga vart utvida, og i slutten av året vart friliste-systemet sett ut i livet. Drøftingane om ein nordisk tollunion held fram.

Verdet av utførsla auka ikkje nemnande i 1949. Tek ein med kvaloljen, som vert levert beinveges frå feltet, kjem utførsleverdet frårekna skip truleg opp i 2 133 mill. kr. Dette er 15 mill. kr. meir enn i 1948. Verdet av vareinnførsla frårekna skip var etter førebels tal 3 040 eller om lag det same som i 1948. Innførsla av skip var på 820 mill. kr. i 1949 mot 688 mill. kr. i 1948.

Det var prisfall både for utførsle- og innførslevarer. Utførslemengda var noko større enn i 1948, men framleis låg ho under førkrignivået. Det var oppgang i utførslemengda for feitt og olje, gjødsel og papirmasse, men nedgang for fisk og hermetikk, papir og papp. Innførsla auka mest for tekstilvarer, malmar, metall og skip.

Forsyningane.

Tilgangen på matvarer var noko større enn året før. For sume varer er rasjoneringa bortteken, men for nokre vareslag er ho halden ved lag av valutaomsyn.

Tilførsla av mjølk auka slik at rasjoneringa av mjølk og mjølkekonservar vart bortteken, og salet av fløyte vart frigjeve. Produksjonen av smør har om lag svara til etterspurnaden, og produksjonen av ost vart noko

høgre enn før krigen. Tilgangen på kjøt og flesk har stige noko, men ikkje nok til at rasjoneringa har kunna takast bort.

Sukkerrasjonen vart auka med 12 pst. Feitt-rasjonen vart auka 2 gonger dette året, slik at tilgangen på feitt til forbrukarane ligg nær opp til det ein treng.

Det vart nytta noko meir kraftfôr enn i 1948, og tilgangen på kunstgjødsele syner framleis monaleg auke.

Innførsle av oljefrø og andre vegetabiliske emne har auka noko.

Tilgangen på råvarer til industrien under eitt var i 1949 noko betre enn i 1948.

Det har vore god tilgang på tekstilråvarer i 1949, og industrien har kunna auka tilverknaden. Innførsle av ferdige tekstilvarer har kunna aukast noko samanlikna med 1948. Tilgangen på ferdige tekstilvarer til forbrukarane har likevel framleis vore for liten til å stetta etterspurnaden.

Til hud-, skinn- og lærindustrien har tilgangen på råvarer vore etter måten god. Tilverknaden innanlands av lær og skinnskoty og av gummifotty har auka, og ein har kunna taka bort rasjoneringa av alt skoty så nær som gummi arbeidsstøvlar og slagstøvlar. Resten av skotyrasjoneringa vert venteleg bortteken i 1950.

Gummiindustrien har hatt god tilgang på råvarer. Forbruksrasjoneringa av gummiringar til kjøretøy har kunna takast bort. Det er likevel innført plikt for forbrukarane til å levera inn brukte gummidekk når dei kjøper nye. Denne skipnaden tek serleg sikte på å skaffa gummidekk til jordbruket utan valuta-utlegg.

Industrien har i 1949 fått dekt det meste av det han treng av kjemikal og kjemiske produkt. Rasjoneringa er så å seia bortteken når ein tek unna harpiks, som òg venteleg vil bli gjeven fri i 1950. Det har framleis vore for liten tilgang på linolje, og ein har mått halda oppe rasjoneringa.

Det har vore innført nok av kol, og rasjoneringa er i 1949 teken bort for dei fleste forbrukarane. Forbruket av koks er gjeve fritt i Troms og Finnmark, medan det framleis er avgrensa i resten av landet, mellom anna av omsyn til brenselomsetnaden innanlands og av valutaomsyn.

Ein har greidd å dekkja det som industrien treng av mineraloljar. Bruken av brenselolje til oppvarming av hus har likevel vore avgrensa noko.

Sysselsetjinga.

Sysselsetjinga har i 1949 vore høgre enn i 1948. Statistikken som byggjer på talet på sjuketrygda, syner i alt ein auke på om lag 13 000 til utgangen av 3. kvartal 1949, jamført med same tid 1948. Talet på sysselsette i industrien var i 1949 om lag 10 000 høgre enn i 1948. I byggje- og anleggsverksemda auka talet på sysselsette med om lag 13 000. Mykje av denne auken kjem av dei mange bygga, anlegga og vølingsarbeida som vart sett i verk etter at rasjoneringsordninga for sement vart bortteken. Den leigde arbeidskrafta i jordbruk, skogbruk og gartnar-verksemdar minka med om lag 8 000. Dette kjem mellom anna av at skogsdrifta tok til tidlegare i 1948 enn i 1949. I sjøtransporten er sysselsetjinga auka med om lag 4 000 i dette året.

Arbeidsløysa har i 1949 vore mindre enn i 1948 når ein tek unna dei 2 siste månadene i året då det var ein del auke samanlikna med 1948. I heile sumarhalvåret har etterspurnaden etter arbeidskraft vore noko større enn tilbodet.

Løner.

Det er ikkje ferdig utarbeidd nokon statistikk over lønsrørsla i heile 1949, men ein må rekna med at medelfortenenesta for dei fleste gruppene av arbeidarar og funksjonærar har tokka seg noko oppover.

Tariffrevisjonen i år er gjennomført utan nemnande arbeidsstans. Ein hadde kortvarige lovlege streikar i garveria, for fløytinga i Nedre Lågen og av heisemontørane. Dei fleste nye tariffavtalene kom i stand etter tinging mellom organisasjonane eller etter mekling. Berre eit fåtall vart fastsette av Lønsmndta.

I juni kom det eit framlegg frå Riksmeklingsmannen om eit liknande «10-øres tillegg» som i 1948 til dei arbeidarane som ikkje hadde fått «10-øres tillegget» då. For vaksne mannlige arbeidarar vart det sett eit «tak» på kr. 2,75 i timen for Oslo og 2,65 for landet elles. For kvinner vart dei tilsvarande «tak» sette

til 1,80 og 1,70. På visse vilkår blir det gjeve eit tillegg på opp til 5 øre i timen på løner som ligg under kr. 2,90 i Oslo og 2,80 elles for vaksne mannlege arbeidarar og 1,95 og 1,85 for kvinner. Samstundes gjorde Riksmeklingsmannen framlegg om ei ny form for indeksregulering. Dersom indekstalet pr. 15. februar 1950 har stige eller falle 7 poeng frå indekstalet i mai 1949, som var 158,6, kan Landsorganisasjonen eller Norsk Arbeidsgiverforening krevja tinging om tilsvarande auke eller nedsetjing av lønene. Framlegget vart tilrådd av dei to hovudorganisasjonane, og det vart utover året innteke i dei fleste av dei nye tariffavtalane.

Ved lov i juli 1949 vart det gjort nokre brigde i føresegnene i Arbeidarvernlova om den lengste arbeidstida. Frå 1. juli 1950 skal arbeidstida for gruvearbeidarar «under dagen» vera 40 timar i veka, og for vekekontinuerlege skiftarbeidarar skal arbeidstida i medeltal vera 45½ time i veka. Det har vore tingingar mellom organisasjonane om dette spørsmålet, og det er føresetnaden at slike arbeidarar skal få lønsauke som veg opp den nedsette arbeidstida.

Prisutviklinga.

Prispolitikken har framleis hatt til mål å motarbeida stiging i det ålmenne pris- og levekostnadsnivået. For å gjennomføra denne stabiliseringslina har det vore naudsynt å auka pristilskotta. For budsjettåret 1946—47 var tilskottet 478 mill. kr., for 1947—48 702 mill. kr., og for 1948—49 749 mill. kr.

Engrosprisindeksen har i alt gått opp 1,4 pst. det siste året — frå november 1948 til november 1949. I fyrste halvta av 1949 var det så å seia ikkje noko brigde i engrosprisindeksen. Indekstalet var ikring 183. Frå juni til juli gjekk engrosprisindeksen opp frå 182,7 til 186,5. Denne stiginga har nesten som einaste grunn den at avgifta på bensin vart sett opp med 28 øre for literen. Dersom ein ikkje reknar med denne prisauken, vil engrospristalet for november månad, som var 184,8, gå ned til 181,2, og det blir såleis lågare enn for november 1948. Då var engrospristalet 182,3.

Prisane har svinga noko for dei ulike varer og varegrupper. Innførslevarane har i medeltal

gått opp 3,6 pst. frå november 1948 til november 1949 (utan avgiftsauke på bensin har dei gått ned 2,1 pst.), medan dei innanlandske varene i alt har gått opp 0,2 pst. Indeksen for jordbruksvarer har gått opp 0,6 pst., medan dei andre innanlandske varene i alt er ubrigda.

Stiginga i vegetabiliske jordbruksprodukt på 1,8 pst. i det siste året kjem for største delen av at potetprisen har gått opp. Årsaka til denne oppgangen er at avlingane i Sør-Noreg var sterkt reduserte på grunn av sumarturke og dessutan frostskaade på potetriset. Mjølprisane er ubrigda så nær som prisen på finsikta kveitemjøl til industrielt bruk.

Prisane på animalske jordbruksprodukt — kjøt, fleisk, mjølk, smør, ost, ull, huder og skinn — har halde seg ubrigda i 1949.

Indekstalet for levekostnaden har gått opp 1,1 pst. det siste året — frå 157,1 i november 1948 til 158,8 i november 1949. Det er berre posten andre utgifter som har gått noko serleg opp det siste året — i alt 3,8 pst. Matvareutgiftene har gått opp med 1,0 pst.

Penge- og valutamarknaden.

Pengemarknaden har vore lett i 1949 og, men tendensen har vore noko strammare enn i 1948. Setelomlaupet har framleis auka og både innskott og utlån i bankane har vist stiging. Når ein ser bort frå pantelåna, er det teikn som tyder på at utlånsauken frå aksje- og sparebankar tek til å stogga. Det har vore turvande å gjera visse støttetiltak for å halde det låge rentenivået ubrigda. Statsvekslane blir såleis no etter kvart innfridde. Norges Banks diskonto er framleis 2,5 pst.

Devalueringa av den norske krona i høvet til U. S. A.-dollar har enno ikkje fått merkande verknader anten på pengemarknaden eller for utanrikshandelen. Tildelinga under det Europeiske Atterreisingsprogrammet var større enn i 1948, men det var likevel naudsynt å bruka store summar av valutaeservane.

Offentlege finansar.

Den finansielle stoda i kommunane er framleis god, når ein ser alle under eitt, endå om det kan vera stor skilnad mellom dei einskilde

kommunane. Den kommunale lånegjelda, som det vart betalt mykje av på under okkupasjonen, har synt noko stiging att etter frigjeringa. Kommuneskattlegginga har stort sett vore halden om lag på same nivå dei siste åra. Skatteinntektene har auka, men på den andre sida har kommunane mått gå til løysing av ei rad kommunale oppgåver som krev store utlegg. Talet har auka på dei kommunane som må få tilskott av Skattefordelingsfondet for å jamvega budsjetta sine. Dersom det syner seg å vera mogeleg, vil høgste skattlegginga i kommunane verta sett ned frå 18,5 til 18 pst. på grunnlag av den tabell II som ein no har (byane tabell V).

Utgiftene og inntektene til staten har auka sterkt dei siste åra. Det er serleg utgiftene til pristilskott, forsvar og atterreising som syner størst auke. Statsinntektene har vakse mykje. I rekneskapsåret 1948—49 vart det eit overskott på driftsrekneskapen på 68 mill. kr. Likevel var det naudsynt å bruka lånemidlar med om lag 196,9 mill. kr. til å dekkja kapitalutgifter. Ein stor del av statens inntekter og utgifter blir ikkje førde over budsjettrekneskapen. Handelsdepartementet har difor reint førebels konsolidert inntektene og utgiftene under budsjettrekneskapen og rekneskapane for statens fond, dei sosiale trygdene og for dei viktigaste deposita og forskott. Denne konsolideringa viser eit overskott på driftsrekneskapen på 382 mill. kr. Av dette er 348 mill. kr. nytta til realinvestering, slik at inntektene var 34 mill. kr. større enn utgiftene. For åra 1946—49 var statsinntektene i alt 547 mill. kr. større enn utgiftene, medan budsjettrekneskapane for dei fire siste budsjettåra gir eit underskott på 1 538 mill. kr.

Kyrkje, skule og opplæring.

Kyrkja arbeider framleis under vanskelege tilhøve i dei krigsskadde strom i landet. Atterreisinga av dei øydelagde kyrkjene i Finnmark og andre stader har vore hindra av skort på byggetilfang og arbeidskraft.

Arbeidet med å atterreisa Nidaros domkyrkje held no fram på grunnlag av dei planar for oppbygginga av vesttårna som Stortinget vedtok i 1949.

Folkeskolen har òg i 1949 hatt eit bra

arbeidsår, trass i at skolen framleis strir med å få utdana lærarar og mange stader vantar turvande skolerom.

Framhaldsskolen er i utvikling. Men mange stader hindrar skorten på skolerom og lærarkrefter kommunane i å gjennomføra pliktig framhaldsskole eller friviljuge framhaldsskolekurs.

Den nye lova om folkehøgskolar er sett i verk frå 1. oktober 1949. I 1949—50 er det 84 skolar i gang med om lag 4 500 elevar mot 4 634 elevar i 1948—49.

Utbygginga av spesialskolane for evneveike held fram etter 10-årsplanen. Falstad skoleheim er ominnreidd og modernisert og vil bli teken i bruk som skole for evneveike frå våren 1950 under namnet Ekne offentlege skole. Det er sett i gang skole for stamme på Fossheim turisthotell ved Fagernes. Skolen blir halden mellom turiststasjonane.

Det er gjort vedtak om å omskipa Bærum skoleheim til granskings- og opptakingsheim.

I samsvar med landsplanen for reising av realskolar og gymnas på bygdene er det sett i gang nye statsrealskolar på Tynset, i Øystese og i Målselv.

Troms off. landsgymnas har flytta frå Bardu til Finnfjordbotn i Lenvik kommune der ein no reiser permanent skolebygning for gymnaset.

Finnmark offentlege gymnas er utbygd med fleire nye klassar.

Ved vanlege yrkesskolar og lærlingskolar er det i alt om lag 51 000 elevar. Dessutan var det ved omframme opplæringskurs i 1949 tilsaman om lag 7 800 elevar. I alt var det ved slike kurs undervist om lag 59 900 elevar til 1. desember 1949.

Talet på norske elevar ved tekniske skolar og yrkesskolar i utlandet var om lag 600. Det er gjeve vanleg statstilskott til 5 nye verkstadskolar, nemleg Dovre, Norheimsund, Bodø og verksemdskolane ved Thunes og Bergens mekaniske verkstader.

Lærarskolane arbeidde med så mange plassar og elevar som det på nokon måte var rom til. I alt vart det uteksaminert 612 kandidatar. Nybygget for Tromsø lærarskole har komi i gang.

Eigedomen Moldegård ved Bergen er leigd

til lærarinneskole i husstell. Skolen kjem i gang hausten 1950.

Det blir i skoleåret 1949—50 nytta nær 1 000 lærarar utan lærarutdanning i heile postar i folkeskolen og nær 100 utan slik utdanning i framhaldsskolen. Vel 400 lærarar har mist stillinga for misferd i okkupasjonstida, og 12 slike saker var enno ikkje avgjorde den 1. oktober 1949.

Ved Universitetet i Oslo er det i haustsemestret 1949 4 898 studentar (66 teologar, 1 425 juristar, 419 økonomar, 12 aktuarar, 715 medisinarar, 1 035 filologar, 217 psykologar, 82 statsvitsk. studerande, 122 stud. mag. art., 622 realistar, 102 farmasøytar, 19 stud. mag. scient. (Ii dette kjem 22 utlendingar ved ymse fakultet.)

Ved Universitetet i Bergen er det i alt 400 studentar (103 filologar, 89 realistar, 93 medisinarar, 115 held på med dei førebunde prøvane). Byggearbeidet held fram med innreiding av botanisk og kjemisk institutt.

Ved Norges tannlegehøgskole er det 200 studentar i vanlege kurs og 90 studentar i omframkurs. 30 av dei sistnemnde studentane får klinisk utdanning i Sverige.

Departementet har oppnemnt ei 3-mannsnemnd som har fått mandat til å arbeida ut førebuande planar for ein ny tannlækjarhøgskole i Oslo.

Ved Norges tekniske høgskole er det om lag 1 100 studentar. Bygningane for det Metallurgiske instituttet og Kjeihuset er ferdige, men i begge bygningane står det att noko innreiding og utstyr. Ein har teke til med utvidinga av det Fysiske instituttet.

Noregs ålmennevitskapelege forskningsråd er skipa ved kgl. resousjon av 26. august og har vore i verksemd siden 29. september 1949.

Statens lånekasse for studerande ungdom har til 31. desember 1949 gjeve lån til 4 186 låntakarar. Den samla lånesummen er nærare 15 mill. kroner.

Om lag 1 600 studentar får valuta til studium i utlandet.

Lova om Riksteatret vart sett i verk frå 1. april 1949, det er tilsett riksteatersjef og oppnemnt styre for Riksteatret. Teatret har no kome godt i gang med arbeidet sitt.

Lov om folke- og skoleboksamlingar frå 12. desember 1947 vart sett i

verk 1. juli 1949, og det er skipa eit Statens Bibliotektilsyn.

Det har vore eit godt år for arbeidet i studieringar og folkeakademi, og det er gjort gode framsteg i idrottsarbeidet. Av overskottet i Norsk Tipping A/S er det delt ut kr. 3 000 000 til idrettsfremål og stilt til rådvelde for vitskapelege fremål kr. 2 000 000.

Rettsoppgjeret.

Om lag 12 500 personar som er dømde til fridomsstraff eller har vedteke førelegg på fridomsstraff for landssvik, var ved utgangen av året 1949 lausslepte på prøve eller etter avsona straff, medan bortimot 600 framleis sit inne til avsoning.

Den serskilde landssvikavdelinga ved Eidsivatings lagmannsrett er nedlagd frå 1. juli 1949. Alle landssviksaker er dermed lagde til dei vanlege domstolane. Det er i 1949 indrege 3 mellombels statsadvokat-embete som var skipa i tilføre av landssviksakene. Den 1. januar 1950 står det såleis att berre 3 slike mellombels embete.

6 tvangsarbeidsanstaltar for landssvikfangar er nedlagde i året. Talet på slike anstaltar er no 6, av dei er ein i ferd med å avskipa den eine.

Skadebotoppgjeret for dei krigsskader som høyrer inn under oppgjersavdelinga i Justisdepartementet, er no så nære på slutført at avdelinga vil bli nedlagd den 30. juni 1950.

Sosiale tiltak.

Atterreisinga av folkehelsa har også i 1949 gått planfast framover.

I 1949 har det ikkje vore nokon alvorlege farangar i landet. Poliomyelitten, som det dei siste åra har vore uvanleg mykje av, har berre synt seg i spreidde tilfelle, trass i ein stor epidemi i grannelandet.

Kjønssjukdomane er i ferd med å gå tilbake. Serleg er nedgangen rett stor når det gjeld gonoré, der talet på melde tilfelle i år ligg langt under førkrignivået.

Det har også i 1949 vore ein kjenneleg skort på sjukehusplassar, serleg for sinnssjuka, åndsveike og epilektikarar, men for andre sjuka òg.

Modernisering og utviding av Rikshospitalet har gått fram etter planen. Såleis er dei nye

kirurgiske avdelingane no tekne i bruk, og i den nærmaste framtid opnar dei to nye barneavdelingane i Oslo og Bergen, begge svenske gåver i samband med frigjeringa i 1945.

Barneheimane og daginstitusjonane for born har vorte registrerte, og det er vedteke retningsliner for helserådstilsyn med desse institusjonane.

Det er vedteke ein normalplan for kommunale husmorvikarar.

Hjelpetiltaka for dei evakuerte, og heimsendinga av dei som var att sørpå, har vorte avgreidde med unnatak av at innkvarteringa i Trondenesleiren nær Harstad blir halden oppe for om lag 400 personar. Men ein reknar at det i første halvår 1950 vil lykkast å skaffa husvære til dei, ved den bustadreisninga som no er i gang på heimstaden deira.

Overføringa av om lag 4—500 utanlandske flyktningsarbeidarar til landet er gjennomført i samsvar med tidligare vedtak, og alle dei arbeidsføre flyktningane og huslydane deira har kunna skaffast arbeid og hus.

Rørsla i folkemengda i 1949.

Den folkemengda som høyrer heime i landet og som ved utgangen av 1948 var rekna til 3 217 000 kan ved utgangen av 1949 setjast til om lag 3 250 000. Folkemengda vil såleis i 1949 ha auka med om lag 33 000.

Etter førebels oppgåver var det i dei 3 første kvartala av 1949 19 294 giftarmål mot 20 891 i tilsvarende tidsrom i 1948. Det vart registrert 48 601 levandefødde born i dei 3 første kvartala av 1949 mot 50 381 i 1948, og talet på døde var 21 299 mot 20 830 i 1948.

Fødseloverskottet i dei 3 første kvartala av 1949 var noko mindre enn i same tidsrom i 1948.

Ei førebels oppteljing av flytningar innanlands syner at 102 000 personar skifta bustadkommune i dei 3 første kvartala av 1949. Etter ei førebels oppteljing av flytningar til og frå utlandet var det i dei 3 første kvartala av 1949 eit overskott av utflytte til oversjøiske og andre land på 1 967 personar.

Gjevi på Oslo slott 13. januar 1950.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON

(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern